



Solund kommune

Reviderte strategiar for spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL-midlar):

Tiltaksstrategiar i Solund i perioden 2017-2021 for SMIL-midlar



Bilete frå Solund

1.0 Innleiing

SMIL- forskrifta og strategi

Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket, (gjeldande frå 01.01.2017), § 8, seier at kommunen skal fastsetja overordna retningslinjer for prioritering av søknadar på SMIL-midlar (*spesielle miljøtiltak i jordbruket*) frå eigarar/brukarar av landbrukseigedomar i kommunen. Formålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremja natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusera forureininga fra jordbruket, utover det ein kan forventa gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjekta og tiltaka skal prioriterast ut frå lokale målsettingar og strategiar.

Ein tiltaksstrategi vert eit nyttig hjelpemiddel for kommunen si sakshandsaming og forvaltning av midlane samstundes som han vert kommunen sin hovudinformasjon til Fylkesmannen når det gjeld korleis midlane blir brukt-/fordeler seg på dei ulike tiltaka.

Tiltaksstrategiane for perioden 2017 - 2021 er ein revisjon av strategidokumentet for perioden 2012 - 2016. Prioriteringane skal vera forankra i gjeldande lovverk, sentrale/nasjonale føringar og innspel frå næringsorganisasjonane og den politiske leiinga i kommunen.

Søkarane vil gjennom tiltaksstrategiane få nokre tips om kva ein kan søka på under SMIL-ordninga og få kjennskap til korleis kommunen vil prioritera søknadene. Kommunen har informasjonsplikt ovanfor Fylkesmannen om korleis midlane vert nytta, og at midlane vert fordelt i samsvar med den lokale tiltaksstrategien.

Følgande næringsorganisasjonar fekk tilsendt eit utkast til planen og var inviterte til å koma med innspel:

Solund bondelag
Solund Sau og geit
Solund sankelag

Dei hadde nokre få merknadar/innspeil som vart meldt over tlf til sakshandsamar. Desse vart innlemma i dette utkastet som går til formannskapet.

2.0 Oversikt over viktige kulturlandskapselement i Solund

Solund kommune er eit øyrike med eit mangfald av kulturlandskap som er skapt av bonden og av kombinasjonen bonde-fiskar med sine opne innmarksareal, beitelandskap og bygningar tilpassa drifta. Mellom anna gir årbøkene til Solund Sogelag rike på flotte historiar og god dokumentasjon på denne bruken. Samstundes med historien om landbruket sitt kulturlandskap, ser og opplever me i dag eit levande kulturlandskap med opne innmarksareal, steingardar og bygningar når me ferdast i kommunen. Eit gardsbruk har ofte slåttemark, innmarksbeite og utmarksareal. Utmarksareal som blir aktivt skjøtta med rydding av kratt, sviing av gammal lyng og beiting får etter kvart meir beitemarks-karakter og vert opnare og dermed lettare for folk og beitedyr å ferdast i.

Naturreservatet Utvær er høgt verdsett og har sin eigen forvaltningsplan vedteken av Fylkesmannen og Miljødirektoratet.

Fleire øyar med kystlynghei -som no er ein utvald naturtype- er botaniserte og har fått verdiane «svært viktig» og «viktig» kystlynghei i Solund. Dette gjeld: Kolgrov Sør, Lågøy Nord, Lågøy Sør, Hågøy, Færøy, Oddekalven kystlynghei, Steinsund utmark, Færøy, Daløyna, Færøyna lynghei og Drengenesstien. Når slike område vert skjøtta med sviing og beiting, kan dei utløysa ekstra tilskotsmidlar frå Miljødirektoratet. Solund er den kommunen i fylket som har mest av denne naturtypen. Purpurlyng -som er sjeldan og viktig å ta vare på- er utbreidd på fleire av øyane. Verdfulle slåttemarker som er botaniserte og har fått same nemninga som omtala ovanfor, har me nokre få av, ei på Lågøy og ei slåttemyr i Saltskor. Desse naturtypane har fått sin eigen nasjonale handlingsplan, der målet er å få til skjøtselplanar/skjøtsel for å bevare desse viktige naturtypane. Brukarar som får tildelt egne midlar frå Miljødirektoratet for skjøtsel av desse, kan ikkje samstundes få SMIL-midlar til dei same tiltaka.

Av bygningsmiljø er det mange fine naust og sjøbuer, nokre gamle eldhus, krambuer og andre «spesialbygningar». Kulturminne er også gamle hustuffer og rydningsrøyser, gamle steingrøfter, steingardar og bakkemurar og gamle vegar/stiar.

Den vanlege jordbruksdrifta vert gitt tilskot til (via søknad) frå produksjonstilskotet. SMIL-midlar skal gå til det som krevst ekstra for å ta vare på kulturlandskapet og ikkje er forventa å koma inn under den vanlege «kvardagsdrifta». Dette opne og verdfulle kyst-kulturlandskapet ønskjer Solund kommune at skal bli halde i hevd. SMIL-midlar er eit av verktøya som kan nyttast til dette.

Nedanfor finn ein lenkjer til nettsider/databaser som gir informasjon om viktige kulturlandskapsområde, kulturmarkstyper og verdfullt biologisk mangfald og kulturminne i jordbruket. Databasane vert nytta i sakshandsaminga til kommunen. Sidene er også nyttige for dei som ynskjer å søka SMIL-midlar eller har interesse for kulturminne/ kulturlandskap.

Fylkesatlas: www.fylkesatlas.no

Naturbasen (DN): http://dnweb12.miljodirektoratet.no/naturbase_oppslag/

Artsdatabanken:

<http://artskart.artsdatabanken.no/>

Kilden:

<http://www.skogoglandskap.no/kart/kilden>

3. Oversikt over spesielle utfordringar i Solund

-gjengroing av inn- og utmarksbeite som treng rydding, større beitepress og sviing



Frå lyngsviingskurs, Ravnøy mars 2013



Resultat etter sviing



Det er viktig med sterkt nok beitepress

-auka nedbør gjev meir trong for drenering, og at grøftene oftare må takast att

-elver går over sine bredder, treng meir elveførebygging



-svartelista planter som spreiar seg



Landøyda, sitkagran og platanløn er døme på svartelista planter

-bygningar som del av kulturlandskapet treng restaurering



4.0 Bruk av midlane i 2013-2016

År 2013	Tiltak	Ramme kr 310.650
	Restaurering gammel kulturmark	11 løyvingar, 247 500
	Restaurere freda og verneverdige bygnigar	1 løyving, 17 500
År 2014	Tilstand	Ramme kr 200 000
	Restaurering biologisk mangfald	2 løyvingar, kr 27 000
	Restaurering gammel kulturmark	5 løyvingar, kr 92 000
	Restaurere freda og verneverdige bygnigar	4 løyvingar, kr 81 000
År 2015	Tilstand	Ramme, kr 343 490
	Restaurering gammel kulturmark	12 løyvingar, kr 331 990
	Restaurere freda og verneverdige bygnigar	1 løyving, kr 11 500
År 2016	Tilstand	Ramme, kr 143 000
	Restaurering biologisk mangfald	1 løyving, kr 54 000
	Restaurering gammel kulturmark	2 løyvingar, kr 89 000

Kommentar til tabellen: Det er skilnader frå år til år korleis fordeling av Smil-midlane har vore mellom kulturlandskapstilskot og bygningar, -det har mykje å gjere med kva tiltak som blir søkt om det einskilde året. I einskilde år har det vore inndradd midlar frå Smil-prosjekt som ikkje har vorte gjennomført, og då får ein meir til fordeling. Søknader til hydrotekniske tiltak vil truleg koma no framover når ordninga blir betre kjend blant søkjarane.

5.0 Om SMIL-ordninga for Sogn og Fjordane

Sentrale føringar: Formålet for forskrifta om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket er: «Fremma natur og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusera forureininga frå jordbruket». Landbruks og matdepartementet har fastsett fylgjande endring for forskrifta frå 01.01.2017: «*Eier av landbrukseiendom kan søke om SMIL tilskudd så lenge det foregår en tilskuddsberettighet produksjon på eiendommen.*»

Fylkesmannen legg vekt på at kommunane har ei prioritering og målretting av midlane som bidreg til å oppfylla regionale og nasjonale målsettingar for miljøtiltak i landbruket.

Følgande punkt er trekt fram i Fylkesmannen sine forslag for retningslinjer til kommunane:

- Tiltak som kan utløysa Rmp midlar i etterkant
- Tilskot som kan utløysa andre tilskot
- Tiltak på svært verdifulle areal og bygningsmiljø
- Tiltak med god miljøeffekt
- Fellestiltak som kan bidra til betre samarbeid og samhandling i grender med felles utfordringar
- Tiltak som medverkar til å ta vare på ressursane på eigedomen

6.0 Mål for tiltak innanfor Smil-midlar 2017-2021 i Solund

Kommunen skal vidare laga målsettingar og retningsliner for prioritering av tiltak utifrå sine lokale verdiar og utfordringar.

Desse tiltaka vil kommunen prioritera i 5- årsperioden:

- Ta vare på den verdfulle kystlyngheia -som kjenneteiknar Solund-, slåttemarka, slåttemyr og naturbeitemarka ved sviing, rydding, slått og beiting
- Hydrotekniske tiltak som bidreg til å få kontroll på vatn på avvege
- Hindra vidare spreiding av- og fjerna framande planter (svartelista planteartar)
- Innan bygningsvernet skal ein prioritera heilskaplege bygningsmiljø og einskildbygningar med stor verdi for det samla kulturlandskapet.

Litt meir om tiltaka som er nemnde ovanfor:

- Ta vare på den verdfulle kystlyngheia -som kjenneteiknar Solund-, slåttemarka, slåttemyr og naturbeitemarka ved sviing, rydding, fjerning av vanskeleg ugras, slått og beiting

Frå Fylkesmannen er det påpeika at kommunane må ta særskilt omsyn til naturtypane slåttemark, inkludert slåttemyr og kystlynghei. Tiltak som fremjar skjøtsel av verdfulle beite- og slåttemarkar/biologisk mangfald vil verta høgt prioritert.

- Hydrotekniske tiltak som bidreg til å få kontroll på vatn på avvege

Tiltak som reduserar erosjon og avrenning av næringsstoff, og som ikkje kjem under ordninga for dreneringstilskot, vert høgt prioriterte.

- Hindra vidare spreiding av- og fjerna framande planter (svartelista planteartar)

Tiltak for å fjerna svartelista artar som spreier seg er viktig. Døme på slike -som veks i Solund- er platanløn, sitkagran, slirekne, hagelupin, kystbjørnkjeks og rynkerose

- Innan bygningsvernet skal ein prioritera heilskaplege bygningsmiljø og einskildbygningar med stor verdi for det samla kulturlandskapet.

Tiltak retta mot bygningsvern vil ha ein lågare prioritet enn skjøtseltiltak. Tiltak som kan vere aktuelt å prioritere er: istandsetting av steingarder, heilskapelege bygningsmiljø, bygningar/kulturminne med høg historisk verdi for kulturlandskapet/ålmenta. Ved vurdering vil særskilt bygnings-/kulturminnevern som ivaretek konstruksjon og handverksteknikkar som i dag er sjeldsynte i vårt område, bli vektlagt. Også bygningar/ bygningsmiljø/ kulturminne som på ein særskilt måte formidlar historia til livet på bygdene i eldre tider kan få midlar (freda bygg fell utanfor denne ordninga).

7.0 Tilskotssatar for prioriterte tiltak for SMIL

Planlegging/tilretteleggingsprosjekt:	inntil	100 %
Tiltak i gamal kulturmark, verdfull kystlynghei, slåttemark: og naturbeitemark med høgt biologisk mangfald:	inntil	70%
Fjerna/hindra vidare spreiding av svartelista planteartar	inntil	70%
Hydrotekniske tiltak:	inntil	50 %
Restaurering av steingardar og bakkemurar og andre tiltak i kulturlandskapet:	inntil	50 %
Bygningsvern *	inntil	15 %

** Til restaureringsprosjekt med høgt kostnadsoverslag, vil det kunne vera naudsynt å nytta ein lågare tilskotssats for å kunna prioritera prosjektet. Kulturminnefondet kan vera ei alternativ finansieringskjelde for bygningsvern.*

Forvaltning av SMIL-midlane vil vera forankra i den nye tiltaksstrategien for 2017-2021 og kommunen si målsetting og prioritering.

8.0 Trong for midlar i planperioden

Me går inn i ein 5 års periode med ekstra fokus på hydrotekniske tiltak og på at stortinget har vedteke at tap av biologisk mangfald skal opphøyra. Samstundes vil ein prioritera høgt tiltak mot utbreiinga av planter som er på svartelista. Det er trong for midlar frå Smil-ordninga til å nå målsettingane.

9.0 Søknadsfrist og avgrensingar

Kommunen fastset søknadsfristen (1 eller 2 søknadsomgongar kvart år) og kunngjer han på heimesida til kommunen.

Sum av SMIL- tilskot bør ikkje overstiga kr 200 000 til same brukseining over ein periode på mindre enn 10 år (inkluderer tildelingar gjort 10 år bakover i tid). Prinsippet skal vera at ein søkar berre kan ha eit pågåande prosjekt om gongen (inkluderer tildelingar gjort 5 år bakover i tid). Kommunen kan setja andre vilkår for løyvingane.

Det skal fattast politisk vedtak på SMIL-søknadane og i vedtaket skal storleiken på løyving og arbeidsfristen stå eller om det er avslag på søknaden. Søknadane må ha blitt leverte innan tidsfristen.